

Protokoll frå landsmøte i Noregs Ungdomslag

Tid: 26. september 2020 kl. 09:30-16:00

Stad: Digitalt



Det var påmeldt 74 utsendingar til landsmøtet.

På det meste var det registrert 56 utsendingar med fulle rettar, utanom styret. Etter som møtet var digitalt var det utfordrande å halde styr på om alle utsendingar til ei kvar tid deltok, og ein ser også at røystetalet varierte noko gjennom møtet.

I tillegg til dei 56 utsendingane deltok 7 personar frå styret med fulle rettar, 1 varamedlem med talerett, samt generalsekretær med talerett. Frå valnemnda deltok 1 person med talerett.

På møtet var det også 5 frå administrasjonen.

Totalt 71 personar til stades og totalt 63 med røysterett.

Videohelsingar til landsmøtet:

Kulturdepartementet

Frivillighet Norge

Studieforbundet kultur og tradisjon

Norsk Målungdom

Sommarleirutvalet

Opning

Leiar Torbjørn Bergwitz Lauen opna landsmøtet. Han las opp minneord for Kari Margrete Okstad og Olav Mogstad.

Sak 1 Konstituering

Sak 1.1 Val av skrivarar

Leiar Torbjørn Bergwitz Lauen presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Følgjande personar vart valt til skrivarar:

Solveig Brekke Hauknes, NU-kontoret

Rita Sirirud Vatnehol, NU-kontoret

Guro Redalen, NU-kontoret

Sak 1.2 Val av ordstyrarar

Leiar Torbjørn Bergwitz Lauen presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Kari Bjørke og Vidar Lund vart valt som ordstyrarar.

Sak 1.3 Godkjenning av innkalling

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

Sak 1.4 Godkjenning av sakliste

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Styret sitt forslag til sakliste vart godkjent.

Sak 1.5 Godkjenning av fullmakter

Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad presenterte kontrollen av fullmaktene.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Alle fullmakter for utsendingar vart godkjent.

Sak 1.6 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Tidsplan og forretningsorden for landsmøtet vart godkjent.

Sak 1.7 Val av redaksjonsnemnder

Ordstyrarane presenterte styret si innstilling.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd:
Ida Marie Holmin, Hålløyglaget
Jon Låte, Bygdelagskoret Blåne
Gunnar Nilsen Rogneflåten, Bondeungdomslaget i Oslo

Sak 1.8 Val av teljekorps

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Kontoret i Noregs Ungdomslag vart valt til teljekorps.

Sak 1.9 Val av protokollunderskrivarar

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Følgjande personar vart valt til protokollunderskrivarar:
35: Borghild Opdahl, Bergen Ungdomslag Ervingen
51: Noralv Holm, Ringerike Folkedansgruppe

Sak 2 Årsmelding 2019

Styremedlemene Nina Byttingsmyr og Tone Mjelde presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

44: Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag

4: Oddvar V. Eriksen, Troms Ungdomsfylking

87: Rita Sirirud Vatnehol, NU-kontoret

2: Knut Hertzberg, BUL Harstad

82: Kai Roger Vatne, Noregs Ungdomslag (generalsekretær)

Vedtak: Landsmøtet godkjente årsmeldinga for 2019.

For: 59

Mot: 0

Blankt: 0

Sak 3 Rekneskap 2019

Generalsekretær Kai Roger Vatne presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

4: Oddvar V. Eriksen, Troms Ungdomsfylking

82: Kai Roger Vatne, Noregs Ungdomslag (generalsekretær)

Vedtak: Landsmøtet godkjente årsrekneskapen for 2019, som viser eit overskot på kr. 398 435.

Kr. 48 435 av overskotet vil bli foreslått overført til aktivitetsfondet, som etter denne overføringa vil ha ein saldo på kr. 480 192. Aktivitetsfondet skal framleis kunne disponerast til å styrke drifta på utvalde område, og styret blir gitt handlingsrom til å drive med underskot også i 2021 og 2022 dersom vi finn dette føremålstenleg for å oppretthalde eller styrke nødvendige satsingar. Av resten av overskotet på kr. 350 000 blir kr. 200 000 sett av til å dekkje ekstrakostnader ved 125-årsjubileet i 2021, og kr. 150 000 blir sett av til å dekkje kostnadane til å produsere ei jubileumsbok.

For: 62 Mot: 0 Blankt: 0

Sak 4 Forhandlingar Frilynt Norge

Politisk nestleiar Marit Nerås Krogsæter presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

59: Tone Eidsvold, Eidsiva

56: Anne-Mari S. Meier, BUL Sarpsborg

51: Noralv Holm, Ringerike Folkedansgruppe

45: Anne Marie Nerby, Bondeungdomslaget i Stavanger

67: Marie Nicolaisen, Bondeungdomslaget i Oslo

75: Marit Nerås Krogsæter, Noregs Ungdomslag (politisk nestleiar)

1: Evelyn Laupstad, BUL Harstad

66: Endre Flatmo, Bondeungdomslaget i Oslo

60: Jan Hilding Eriksen, Bygdelagssamskipnaden i Oslo

73: Torbjørn Bergwitz Lauen, Noregs Ungdomslag (leiar)

70: Borghild Løver, Vest-Agder Ungdomslag

55: Jan Schrøder, Folkedanslaget Sølja

69: Anbjørg Myhra Bergwitz, Bondeungdomslaget i Oslo

62: Anne-Lise Berggren, Bygdelagssamskipnaden i Oslo

35: Borghild Opdahl, Bergen Ungdomslag Ervingen

33: Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag

Framlegg til vedtak:

Styret A:

Landsmøtet vedtok å gå i samtalar med Frilynt Norge om ei eventuell samanslåing. Landsmøtet ba styret om å starte samtalar med Frilynt Norge med eit mål om å legge fram eit forhandlingsforslag om ei eventuell samanslåing til vedtak i 2021 eller 2022.

Styret trakk dette forslaget.

Styret B:

Forslag frå Borghild Løver, Vest-Agder Ungdomslag:

Dele styret sitt forslag i to, med første kulepunkt som eitt forslag åleine.

- Landsmøtet ber styret om å gjennomføre ei brei og prinsipiell utgreiing om NU som organisasjon. Styret involverer lokallag og fylkeslag i prosessen med utgreiinga om NU som organisasjon.

Røysting:

For: 59 Mot: 2 Blankt: 1

- Styret får fullmakt om å starte samtalar med Frilynt Norge.
- Utgreiinga om NU som organisasjon skal vere med å danne grunnlaget for forhandlingar med Frilynt Norge om ei eventuell samanslåing av organisasjonane. Saka skal leggjast fram for landsmøtet i 2022.

Røysting:

For: 47 Mot: 15 Blankt: 1

BUL Sarpsborg:

Saka vart utsatt.

BUL Sarpsborg trakk dette forslaget.

Eidsiva fylkeslag:

Landsmøtet utset drøftingar om samarbeid mellom Frilynt Norge og Noregs Ungdomslag til 2021. Landsmøtet ynskjer ei brei og prinsipiell utgreiing frå NU som grunnlag for drøftingar i lokallag og fylkeslaget før saka kan bli fremma for NU sitt landsmøte.

Eidsiva fylkeslag trakk dette forslaget.

Innspel frå Ringerike folkedansgruppe knytt til ein frilyndt og attraktiv rusfri samværskultur blir sendt til styret for arbeid vidare.

Vedtak:

- Landsmøtet ber styret om å gjennomføre ei brei og prinsipiell utgreiing om NU som organisasjon. Styret involverer lokallag og fylkeslag i prosessen med utgreiinga om NU som organisasjon.
- Styret får fullmakt om å starte samtalar med Frilynt Norge.
- Utgreiinga om NU som organisasjon skal vere med å danne grunnlaget for forhandlingar med Frilynt Norge om ei eventuell samanslåing av organisasjonane. Saka skal leggjast fram for landsmøtet i 2022.

Sak 5 Arbeidsprogram 2021-2022

Leiar Torbjørn Bergwitz Lauen presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

66: Endre Flatmo, Bondeungdomslaget i Oslo

45: Anne Marie Nerby, Bondeungdomslaget i Stavanger

73: Torbjørn Bergwitz Lauen, Noregs Ungdomslag (leiar)

69: Anbjørg Myhra Bergwitz, Bondeungdomslaget i Oslo
8: Johnni Terje Håndstad, Bondeungdomslaget i Tromsø

Handsaming:

Jon Låte la fram redaksjonsnemnda si innstilling.

Forslag 1

Frå: 66: Endre Flatmo, Bondeungdomslaget i Oslo:

Nytt kulepunkt under "tiltak for å nå måla langtidsprogrammet" i forslag til arbeidsprogram:

- *Ta en aktiv rolle i å støtte lokallag med alternativer og ideer for gjennomføring av aktivitet så lenge begrensede smittevernstiltak på aktivitet er gjeldene.*

Redaksjonsnemnda har gjort ei språkleg endring av forslaget og gjort om frå bokmål til nynorsk.

- *Ta ei aktiv rolle i å støtte lokallag med alternative idear for å gjennomføre aktivitetar så lenge smittevernstiltak gjeld.*

Redaksjonsnemnda: Tilrår forslaget plassert som punkt nr. 5.

Forslag 2

Frå: 69: Anbjørg Myhra Bergwitz, Bondeungdomslaget i Oslo:

Forslaget til Endre Flatmo, BUL Oslo, bør inn under "Andre og faste tiltak".

Utsending har trukke sitt forslag.

Forslag 3

Frå: 73: Torbjørn Bergwitz Lauen, Noregs Ungdomslag (leiar):

Tillegg på botn av "andre og faste tiltak".

- *Oppfølging av landsmøtesaker.*

Redaksjonsnemnda: Tilrår forslaget.

Vedtak: Landsmøtet vedtok forslaget til arbeidsprogram for perioden 2021-2022 med tilrådingane frå redaksjonsnemnda.

For: 57 Mot: 0 Blankt: 1

Sak 6 Budsjett 2021-2022

Generalsekretær Kai Roger Vatne presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

67: Marie Nicolaisen, Bondeungdomslaget i Oslo

82: Kai Roger Vatne, Noregs Ungdomslag (generalsekretær)

Vedtak: Landsmøtet vedtok forslaget til budsjett for 2021-2022. Styret fekk med dette rammer for å drive med underskot for å ferdigstille nødvendige satsingar.

For: 56 Mot: 0 Blankt: 0

Sak 7 Fråsegner

Organisatorisk nestleiar Terje Svindseth og leiar Torbjørn Bergwitz Lauen presenterte saka.

Landsmøtet tok stilling til 3 fråsegner frå 2 forslagsstillarar:

1. Rammevilkåra for demokratiet
Forlagsstillar styret i NU, presentert av Terje Svindseth
2. Hundre år med nordisk folkedanssamarbeid
Forlagsstillar styret i NU, presentert av Torbjørn Bergwitz Lauen
3. NU støtter Motvind i kampen mot vindmøller på land
Forlagsstillar Norskdomslaget i Porsgrunn, presentert av 48: Bjørn Øyvind Wærstad

Fråsegn 1

Desse tok ordet i saka:

44: Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag

Tilleggsforslag frå 44, Solgunn Liestøl: *Dette er endå meir aktuelt med den nye læreplanen i grunnskulen der «demokrati og medborgarskap» er tverrfagleg emne.*

Vedtak fråsegn 1: Landsmøtet vedtok fråsegn 1 med tilleggsforslag frå utsending 44.

For: 49 Mot: 2 Blankt: 4

Fråsegn 2

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak fråsegn 2: Landsmøtet vedtok fråsegn 2.

For: 56 Mot: 1 Blankt: 1

Fråsegn 3

Desse tok ordet i saka:

73: Torbjørn Bergwitz Lauen, Noregs Ungdomslag (leiar)

59: Tone Eidsvold, Eidsiva fylkeslag

79: Nina Byttingsmyr, styret

48: Bjørn Øyvind Wærstad, Norskdomslaget i Porsgrunn
66: Endre Flatmo, BUL Oslo

Innleiande røysting:

1. Fråsegna blir sendt til styret for vidare arbeid.

For: 17 Mot: 38 Blankt: 4

2. Landsmøtet i NU vedtok fråsegna.

For: 7 Mot: 49 Blankt: 3

Vedtak fråsegn 3: Landsmøtet vedtok ikkje fråsegn 3.

Sak 8 Val

Leiar av valnemnda Håvard Ims presenterte valnemnda si innstilling til leiar og styre.

Sak 8.1 Val av leiar

Desse tok ordet i saka:
Ingen

Vedtak: Torbjørn Bergwitz Lauen (1990), Bygdelagssamskipnaden, attval 1 år.

Sak 8.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

Desse tok ordet i saka:
Ingen

Vedtak: Politisk nestleiar og AU-medlem:
Tone Mjelde (1990), Hordaland Ungdomslag, ny 2 år.

Organisatorisk nestleiar og AU-medlem:
Terje Svindseth (1969), Bygdelagssamskipnaden, ikkje på val.

Styremedlemmar og vara til AU:
Irene Dahl (1971), Troms Ungdomsfylking, ny 2 år.
Maria Austbø (1984), Bygdelagssamskipnaden, ny 2 år.

Styremedlemmar:
Bjørn Arve Moen (1974), Inntrøndelag USL, ny 1 år suppl.
Nina Byttingsmyr (1993), Aust-Agder Ungdomslag, ikkje på val.

Varamedlemmar:
1. vara: Mona Husby (1995), Inntrøndelag USL, attval 1 år.
2. vara: Jostein Apeland (1958), Rogaland Ungdomslag, ny 1 år.

3. vara: Marit Kvamen (1993), Hordaland Ungdomslag, ny 1 år.

Sak 8.3 Val av revisor

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Revisorgruppen Oslo AS vart valt som revisor for Noregs Ungdomslag for rekneskapsåret 2020.

Sak 8.4 Val av valnemnd

Leiar Torbjørn Bergwitz Lauen presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Leiar:
Håvard Ims (1982), Rogaland Ungdomslag, attval 1 år

Medlemmar:

Cecilie Rørstad (1979), Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, ikkje på val
Oddgeir Løvold (1994), Nordmøre og Romsdal Ungdomslag, ikkje på val
Lotte Mølstre (2002), Nordland Ungdomslag, ny 2 år
Tone Sjølander Eidsvold (1947), Eidsiva Fylkeslag, ny 2 år

Varamedlemmar:

1. vara: Helge Venås Flægstad (1987), Sør-Trøndelag Ungdomslag, attval 1 år
2. vara: Marit Nerås Krogsæter (1992), Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, ny 1 år
3. vara: Morten Nilsen (1961), Nordland Ungdomslag, ny 1 år

Leiar Torbjørn Bergwitz Lauen heva møtet.

Protokollunderskrivarar:

Stad/dato: Bergen 3.12.2020

Borghild Opdahl

Borghild Opdahl, Bergen Ungdomslag Ervingen

Stad/dato: Honefoss 12.11.2020

Noralv Holm

Noralv Holm, Ringerike Folkedansgruppe